

UTFORDRINGA FRÅ DEN VEKSANDE BYBEFOLKNINGA

av

DAGFINN SOLHEIM

Situasjonen i dag

Harvey Cox meiner at framtidige historieskrivarar vil rekna det 20. århundre som det århundre då heile verda blei ein enorm by. Wagner reknar med at bybefolkninga i år 2000 vil utgjera 60 % av det totale folketalet i verda.

Framtida kan me ikkje seia noko sikkert om, men me ser alle utviklinga som pågår. Det me kallar urbanisering börja for 150 år sidan, som eit resultat av den industrielle revolusjonen. I dag veks bybefolkninga jamt over dobbelt så fort som den gjennomsnittlege befolkningsauken (Wagner). Etter som den industrielle revolusjonen breier seg vidare og vidare, vil straumen til byane auka. La oss ta eit eksempel på eit kjent industriland – Japan: I 1868 budde mindre enn 10 % i byar, i 1912 budde 17,5 % i byar, i 1935 30 %, i 1941 40 %, i 1960 64 %.

I tillegg til dette kjem så at byane har endog større innflytelse enn folketalet tilseier. Byane er sentra for økonomisk liv, for politikk, utdanning og ikkje minst massemedia. Det som rører seg i dei store sentra, vil nå ut og påvirka heile folket.

Kommunismen og fleire store religionar har utnytta dette og vunne gehør langt utover. Tittelen på ei tysk bok kan vera ei utfordring til kristen misjon. Boka heiter: «Buddhisme eller kommunisme: Kven skal bestemma framtida i Asia?» Har kristendomen ein plass i Asia si framtid?

Kva urbaniseringa fører med seg

Det kan ofte vera vanskeleg å riva seg laus frå eit lite samfunn og finna seg til rette i eit bysamfunn. Dei fleste er heilt framande

i eit samfunn der ein ofte knapt nok kjenner namnet på naboen. Einsemd er eit velkjent fenomen, spesielt dei første åra. I byen møter ein ofte nye verdiar og nye moralnormer. I mange land vil materialisme og pengar koma i staden for religion (Tippett). I mange stammesamfunn er det enkelte medlem ein integrert del. Brått vert alle band løyste. Den første tida i ein by er ei tid for forandring og nyskaping.

I denne tida er der ein trong etter kontakt og fellesskap. Dei fleste føler seg usikre og utilpass. Mange tyr til massemedia, idrettsstevne, forskjellige slags forlystelsar m.m.

Ein god del klarar ikkje omstilla seg og blir offer for denne prosessen. Det kan vera slike som er ukvalifiserte og ikkje får arbeid. Eller det kan vera at einsemd og skuffelsar fører dei ut i narkotika, alkoholisme o. l. Slumstrøka i dei store byane blir eit aukande samfunnsproblem.

Denne tida kjem også religionen opp til revurdering. Gamle verdiar blir vurderte på nytt, og ofte forkasta for å tilpassa seg til ein ny situasjon.

Denne tilpasningsperioden er svært viktig. I desse åra blir det avgjort kor vidt vedkomande kan tilpassa seg og bli ein samfunnsnyttig borgar eller ikkje. Ei grundig undersøkjing i Latin-Amerika viser følgjande: «Det tar 10–20 år å tilpassa seg for ein som flytter frå landet til byen. I løpet av ein slik tilpasningsperiode er han open for evangeliet. Me må handla fort om me skal handla effektivt.» (Read, Monterroso --: 274).

Den kristne kyrkja og bybefolkninga

Det ser ut til å ha vore ein del av Paulus' strategi å planta kyrkjer i dei store byane, i kommunikasjons- og handelssentra. Evangeliet blei så spreitt herifrå til distrikta omkring. Dette heldt fram medan kristendomen spreidde seg i Romarriket. «Det er klårt at evangeliet først breidde seg i byane, og at bybefolkninga dominerte i kyrkja dei første tre århundra.» (Latourette I:110).

Den motsatte tendensen begynte tydeleg å gjera seg gjeldande for 150 år sidan. Det finst unntak, men generelt kan ein seia at

kyrkja ikkje har klart omstilla seg til den nye situasjonen som kom med industrialiseringa. Det har blitt eit tragisk gap mellom kyrkja og industrien. Viktige nye sosiale grupper, industriarbeidarar, teknikarar m. fl., er for ein stor del framande for kristendomen. Kyrkja har stått utafør nye strukturar og økonomiske prosessar som er med å forma heile samfunnsstrukturen.

Kyrkja har vore innelukka i ein lands- og mellomklasse-mentalitet. Det har vel ikkje alltid skorta på vilje til å nå andre, men fakta er likevel lett å peika på. Til trass for at det er ein god del kyrkjer i mange byar, har desse ikkje nått til arbeidarklassen. Dei fleste bykyrkjer er det McGavran kallar «gathered-colony congregations» (280). Desse samlar opp kristne som kjem til byen og kan vinna nokre fleire i deira omgangskrets, men har vanskeleg for å nå vidare.

Behovet for sosialt arbeid i slumstrøk o. l. har blitt sterkt understreka i dei seinare år, og mykje godt arbeid er blitt utført. Ekte kristen omsorg og kjærleik har fått utfalda seg her.

Likevel er det rett som McGavran seier at hovudoppgåva for kyrkje og misjon er å «bringa bybefolkninga til tru og lydnad.» (281). Når ein ser på land der misjonsarbeidet enno er svakt, blir dette tydeleg. Det er svært lite nokre få misjonærar kan gjera av sosialt arbeid i ein millionby. Det må vera ein stor flokk kristne for at arbeidet skal nå ut. Det er viktig å taka det vonde med rota. Det gjeld om å møte dei som er einsame og skuffa over livet — før dei tyr til midlar som øydelegg livet og skapar problem for samfunnet. Difor vil me sentra oss om denne utfordringa:

Korleis den kristne kyrkja kan nå bybefolkninga med evangeliet

Det finst inga billig, generell løysing. Situasjonen skifter frå land til land og frå folk til folk. Me vil difor berre peika på nokre trekk og erfaringar som er gjort.

Det første som trengs er *vilje* til å evangelisera. Eg tenkjer då ikkje reint generelt, men på bestemte grupper i samfunnet. Ei gruppe som har vist seg å vera ekstra mottakeleg, er innflyttarar

som har vore berre ei kortare tid i byen. Kyrkjer i Latin-Amerika som har hatt god vokster har nettopp arbeitt blant denne gruppa. Her har vel kyrkje og misjon altfor ofte vore for seint ute. Når folk har grott fast og fått nye vener i byen, kan det ofte vera for seint; dei er ikkje lenger mottakelege.

Evangeliet er for alle, inga gruppe eller lag i samfunnet er unnateke. Likevel kan det vera til hjelp å vera klar over det McGavran kallar «Bridges of God». Det gjeld om å finna inngangsportar for evangeliet. Paulus fann eit kontaktpunkt og inngangsdør i synagogene og blant proselyttane. Me høyrer og at han ber om at ei dør må bli opna for ordet han skal forkynna.

Jesus seier: «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera . . .». Det finst alltid menneske som er einsame, på leiting etter meining med livet osv., mens andre seier: sjel, slå deg til ro — dei har nok med det dei har i denne verda og har vanskeleg for å høyra evangeliet. På den andre sida er det og svært mange unge her i Amerika som kan fortelja om korleis dei har søkt i alkoholisme, narkotika, ekstreme politiske parti, verdens lyst osv. for å finna meining med livet. Midt i storbyen Los Angeles er det skarar av slike — og mange av dei er opne for evangeliet dersom det blir forkynt for dei så det verkeleg når inn. I dag vitnar mange av dei for kameratane sine.

At forskjellige religionar har stor framgang, kan og vera ein indikator på at folk er på leiting og er opne for noko nytt. Det er skarar av folk som er ulukkelege, som søkjer — dei fleste utan å finna sanninga. Dette er ei utfordring til oss.

Det er også nødvendig med ein *plan* for evangelisering. Me må vidare ut med evangeliet. Altfor lenge har byforsamlingane vore isolerte. Det er nødvendig å bryta barrierar for å nå nye grupper. Nytestamentleg misjon er ikkje ein isolert sentripetalmisjon, men sentrifugal. For å nå vidare ut er det viktig å vita korleis. Me har alt tala om kvar me skal gå, og kvar me kan venta å finna ei opa dør. Eit eksempel til: «Ein forholdsvis ny by (del) er vanlegvis meir mottageleg enn ein eldre og ein veksande by (del) meir mottageleg enn ein som er statisk eller minkande» (Wagner: 205).

Eit anna spørsmål er kva ressursar me har å gå med. I denne oppgåva skulle alle kristne vera engasjert. For å nå ut med den glade budskapen er det nødvendig med full mobilisering. Me er alle vitne om det me sjølv har fått. Altfor mange lever i mørker og einsemd og er ulukkelege.

Det er også viktig å finna *lokale* leiarar i nye grupper. «Jesusvekkelsen» i Los Angeles-området er eit godt eksempel på dette. Dei finn leiarar i den gruppa dei ønskjer å nå. Dei kan trengja hjelp og rettleiing frå meir erfarne kristne, men det me poengterer her er at dei når ut.

Det er nemleg ikkje det same kven som kjem med evangeliet. Ein utaforståande kan ha vanskeleg for å bli forstått. Mange stader kan han bli sett på som ein propagandist, imperialist, fanatkar eller liknande. Er det derimot ein av deira eigne, ein ven, som forkynner evangeliet, så har dei lettare for å venta at det han fortel har verdi, er aktuelt. Støytsteinen i sjøve evangeliet vil likevel vera der. Det er alltid dei som vil forkasta evangeliet. Men det har likevel nått gjennom den ytre barrikaden. Dei må ta eit standpunkt.

«Frå Jerusalem av» har vist seg å vera eit viktig prinsipp. Kvar gruppe kan lettast vinnast av sine eigne. Den kyrkja som veks fortast i Japan i dag har basert sin strategi på dette: å vinna vener, kjente og kameratar for Kristus: I dag er denne kyrkja den nest største i Japan. (Wagner: 222).

I vår tradisjon legg me mykje vekt på å vinna enkeltmenneske. Me er individualistar og tenkjer i desse banar. I andre land, spesielt i Asia, er dette svært forskjellig. Enkeltindividet er innordna i ein større samanheng. «The Holiness Church» i Japan (0 medl. i 1917, 19 523 i 1932 — Yamamori) la vekt på å vinna heile familiar for Kristus. Den enkelte måtte først vitna for dei andre før dei blei opptekne i kyrkja.

Paul Ariga (evangelist, no student ved Fuller, L. A.) var den første i sin familie i Tokyo som blei ein kristen. I dag er 61 av hans familie kristne — alle dei nærmaste.

Også i Apostelgjerningane høyrer me fleire gonger om heile hushald som blei kristne — Kornelius, fangevoktaren i Filippi . . .

Det gjeld om å koma på innsida av ei gruppe, og så arbeida vidare. Altfor ofte har den eine som er blitt teken ut av familien eller gruppa, gjort dei andre til fiendar av evangeliet. Biletet dei sit igjen med er at kristendomen bryt opp grupper og familiar. Stundom er ikkje dette til å unngå, men andre tider skulle me ha meir tolmod. — Paul Ariga nekta å forlata familien, sjølv om han blei svært dårleg motteken, ofte blei han stengt ute etter å ha vore på møte. Først etter 7 år kom den neste av familien.

Ein annan ting som er viktig i ein by er korleis *forsamlinga* fungerer. Ein som flyttar frå landet har eit enormt behov for ei forsamling der han kan kjenna seg heime og vera ein av flokken. I Japan har dei nye religionane lagt svært stor vekt på dette. Dei tek seg av nye medlemmer og gjev dei ein plass og ei oppgåve. Dette skulle endå meir vera slik i ei kristen forsamling. Forsamlinga er ein plass for medmenneskeleg og åndeleg fellesskap. Den enkelte skulle kjenna at han er velkomen og fyller ein plass. Bibelen talar mykje om broderkjærleik. Dette er spesielt viktig i ein by der så mange er einsame. Me tar her med eit eksempel frå ei av dei kyrkjene i Latin-Amerika som har vakse sterkt: «Det blir lagt stor vekt på gamaldagse dyder som godt naboskap, omsorg og interesse for det andre arbeider med . . .» (Wagner: 222).

Forsamlinga skulle også leggja vekt på å gi den enkelte ei oppgåve. I Japan vil dei ikkje føla seg som rette medlemmer av ei gruppe før dei har fått sin bestemte plass og oppgåve. Dei ventar og set pris på å få sitt ansvarsområde. Dette vil igjen gi anledning til å nå fleire.

Mange metodar har vore prøvt for å nå bybefolkninga. Store kampanjar har vore til noko hjelp — spesielt der dei har vore utført i nøye samarbeid med lokale kyrkjer.

Husmøter er ei anna evangeliseringsform som har vist seg å vera effektiv i mange byar i Latin-Amerika og også i Japan.

Korleis nå dei store boligblokkene f. eks.? I ein by i Latin-Amerika var det team som gjekk frå dør til dør i fleire tusen bustader (blokk) — uten å få skikkeleg kontakt med ein einaste. I Hongkong har ein liknande metode vore effektiv. Der er folk

opne og likar å slå av ein prat. Metodane må skifta etter tilhøva. Der ein ikkje kan nå folk ved dør-til-dør evangelisering og heller ikkje få dei til kyrkje, kan kanskje meir uformelle husmøte opna opp. McGavran legg stor vekt nettopp på dette i ein artikkel om Japan. Han seier bl. a.: «Hundre tusen funksjonerande huskyrkjer ville gi kyrkja initiativ.» (J. H.: 21). Fleire asiatiske leiarar meinte dette var noko som måtte benyttast meir i framtida.

På «Asia-South Pacific Congress on Evangelism» i Singapore nov. 68 vart «cell-group evangelism» presentert. Dette vakte stor interesse og spørsmål frå delegatar frå mest alle asiatiske land. Det er no planar for framtidig evangelisering av store deler av Tokyo. Hundrevis av små celler er i arbeid. Bøn, bibelstudie og vitneteneste er faste postar på deira program. Med visse mellomrom samlar dei troppane og konsentrerar seg om eit bestemt område. Dei prøver då gjerne å få med seg ein kjent evangelist. — Japan Gospel Crusade har planar om å nå over heile Japan. Dei konsentrerar seg kvart år om eit bestemt område og arbeidar i nært samarbeid med lokale kyrkjer. Det var 900 som søkte frelse i Kobe-området under kampanjen i fjor.

Men midt i det at me søkjer etter effektive metodar for å evangelisere den veksende bybefolkninga, må me ikkje gløyma at forkyninga av Guds ord er det avgjerande — same kva form det skjer i. Når ein ser litt av den forvirring det er innan moderne misjonstenking, er det viktig at me veit kva me står for. Og at me veit kva som er dei sentrale sanningane. Mange misser budskapet om dei siterer Bibelen aldri så mykje. Dei har ikkje det sentrale — summen av evangeliet — ordet om forlikelsen.

Me må heller ikkje gløyma at «forutan meg kan de ingenting gjera». Den heilage Ande er den største strategen, og åndeleg vekking og nytt liv er det som skaper iver og pågangsmot.

Me kan her nemna vekkinga i Canada som begynte så smått for 2 år sidan. I dag har svært mange byar vore berørt. Kristne er blitt fornøye og skarar av nye har kome til personleg kjennskap av Jesus Kristus. Som kristne har me noko å dela med andre. Gå difor ut . . .

NOTER

- Cox, Harvey: «Mission in a World of Cities», *Intern. Review of Mission*, juli - 66.
- Chapman, Gordon: «Christianity in the New Japan», *Christianity Today*, juli - 65.
- Dore, R. P.: *City Life in Japan*. Berkeley: University of California Press.
- Fife/Glasser: *Missions in Crisis*. Chicago, IVP. s. 174—192.
- Latourette, K. S.: *A History of the Expansion of Christianity*, vol. I., Grand Rapids.
- McGavran, Donald: *Understanding Church Growth*, Grand Rapids.
- McGavran, Donald: «Church Growth in Japan», *Japan Harvest*, vol. 18, no. 1.
- Read, Monterroso, Johnson: *Latin American Church Growth*, Grand Rapids.
- Tippett, A. R.: *Solomon Island Christianity* s. 330—352. Lutterworth Press.
- Yamamori: «Church Growth in Japan» (unpubl. thesis).
- Wagner, Peter: «Strategy in Mission» (manuskript).
- Samtalar med: Ariga, Paul (Japan Gospel Crusade), andre misjonærar og nasjonale leiarar og leiarar frå «Jesus People», Los Angeles.